


100 år med bridge

Sogndal Bridgeklubb

1926 - 2026



Sogndal Bridgeklubb 100 år

av Kjell Skjeldestad

*Grunnlaget for dette skrivet er «**So seier soga**» - historikken til Sogndal Bridgeklubb - utarbeidd av **Lars A Danielsen** (ein av stiftarane) og **Kåre Skjeldestad** til 40-års-jubileet i klubben i 1966.*
Svart-kvitt-bileta og avisutklippa er henta frå avisarkivet til Sogn Avis.
Fargefoto: Tor Henning Mardal.



I Sogndal var det 4 damer som hadde misjonsmøte ein kveld i veka. Ektemennene, med dåverande overrettssakførar – seinare sorenskrivar – Lars A. Danielsen i brodden, fann på å fylla denne kvelden med bridge. Dermed vart «***Antimisjonen***» starta opp - det som etter kvart danna grunnlaget for **Sogndal Bridgeklubb**.

«***Antimisjonen***» vart såleis starta i april 1926 av **Hans Faleide**, **Oscar Danielsen**, **Halvdan Svendsen** og **Lars A Danielsen**. Møte vart halde kvar 14. dag, samtidig som konene hadde den verkelege misjonen, og gjekk på omgang mellom medlemmene.

Vinteren 1927 vart klubben utvida til to kortlag, men medlemmene var skiftande**: Christian Dag Spangen**, **Ole Schøyen**, **Johan Lem**, **Hans Hagelin** og **Reidar Gjørven**.

Frå hausten 1928 kom **Fredrik Charlo Sverre Borchsenius** med, han var borte eitt år (sesongen 1929-30), og så var han med inntil han omkom i ei togulukke i 1944. Frå 1929 gjekk Faleide ut for godt, og litt seinare same året reiste Spangen frå Sogndal. Hagelin og Gjørven var heller ikkje med lenger. Frå 1933 kom **Johan Stumpe** med, men ein måtte ofte klara seg med varamenn som ein tilkalla, eller med tilfeldige gjennomreisande. **Kåre Skjeldestad** hadde teke bridgekurs i Garden, og kom med i klubben frå 1933 – men den første tida berre som vikar.

Klubben vart ikkje driven sesongen 1936/37, men hausten 1937 starta ein opp att, og for det meste med ny besetning. Schøyen gjekk ut og **Sigurd Riis** kom inn i staden. Ein tok no til å spela duplikatbridge, medan ein frå starten hadde spela Boston og seinare vanleg bridge. Spelekveldane var no også måndagane og desse var medlemmer: **Borchsenius**, **ingeniør Jenssen**, **Arne Flåten**, **Lars Ølnes**, **Johan Lem**, **Arve Andresen**, **Olav N Kvam**, **Kåre Skjeldestad**, **dyrlege Bratseth** og **Lars A Danielsen**.

Etter at vegen mellom Sogndal og Leikanger opna i 1937, hadde klubben i 1938 den første lagturneringa mot Leikanger – gjerne kalla «landskamp» - og våren 1939 var det ei ny turnering mot dei. Den første vann me, men den andre vart det tap i.

Frå hausten 1942 gjekk Jenssen og Flåten ut, og inn kom **Ole Schøyen** og **Sverre Klingenberg**. Dessutan vart gjesteroller gitt av: **Kristen Olsson**, **Nils Lem**, **Bjarne Drægni** og **Olav S Olsen**. Etter Borchsenius' død i 1944 kom **Arne Flåten** med att. Denne tida kan me kalla «pionertida» og den grunnleggjande tida for bridgeklubben.

Klubben hadde no vakse seg så stor at den kunne ikkje gå på omgang hjå medlemmene lenger, ein måtte få romslegare lokale til å spela i. Fylgjande hus/lokale har vore nytta desse åra: M Kvam, J Lem, Hofslund Hotell, Danielsens Hotell, Loftesnes Pensjonat, Hofslund Hotell, Kirstina Loftesnes, Bergets Kafe, Sognatun, Lægreid Pensjonat.

Som før nemnt hadde klubben den første lagturneringa mot Leikanger i 1938 og etter det har me hatt årlege turneringar mot Leikanger der me har både vunne og tapt. Leikanger var lenge det einaste laget me hadde turneringar mot, men etter kvart har både Gaupne, Skjolden, Vik og Lærdal kome til.
Sogn og Fjordane bridgekrins vart skipa i 1946 (utskilt frå Bergen og Omegn krets). Men alt i 1950 vart krinsen delt i **Sogn krins** og **Fjordane krins**. I 1954 vart Sogndal Bridgeklubb tilslutta **Sogn krins** – og dermed **Norsk Bridgeforbund**. I 1999 vart dei to krinsane i fylket samanslegne att til **NBF Sogn og Fjordane.**

Ved at klubben vart større, vart det også turvande å velja styre, og dei første 40 åra har desse vore styreformenn/leiarar: Lars A Danielsen, Johan Stumpe, Chr Borchsenius, Sigurd Riis, Halfdan Svendsen, Ole Schøyen, Johan Lem, Nils Lem, Sverre Klingenberg, Anders Fossøy, Arne Flåten og Erik Flåten.

Bridgeklubben hadde ved 40-års-jubileet 24 faste spelarar og deltok med par både i Krinsmeistarskap, Vestlandsmeistarskap og Norgesmeistarskap. Spelekveldane var kvar tysdag på Lægreid Pensjonat, og klubben spelte då etter desse normene: Kvalifisering for NM lag, Krinsmeistarskap og Norgesmeistarskapet for par. Desse kvalifiseringane strekte seg kvar over 6 kveldar, medan klubbmeistarskapet gjaldt som beste poengscore gjennom alle spelekveldane. Med så mange aktive spelarar måtte klubben ein periode delast i to avdelingar på spelekveldane.



Dei første æresmedlemmene, frå venstre: ***Arne Flåten****,* ***Øystein Bang Olsen*** *og ein av stiftarane,* ***Lars. A. Danielsen***



Jubileumsturneringen
Sogndal Bridgeklubb

1.	Bruvoll/Fimreite	210
2.	Andresen/Hirsch	177
3	M. Kvam/K. Skjeldestad	157
4.	K. Ellingsen/E. Loftesnes	153
5.	Lysne/Svendsen	152
6.	I. Kvam/O Loftesnes	150
7.	O Olsen/Olnes	148
8.	E. Fardal/B Hillestad	144
9.	A. Flåten/Danielsen	142
10.	O. Skartun/J. Skjeldestad	133
11.	Vidvei/Nyheim	127
12.	Klingenberg/O. Kvam	126
13.	Bang-Olsen/E Flåten	124
14.	Lerum/Tvedt	121
15.	Fossøy/Hæreid	102
16.	O. Navarsete/O Schøyen	101
17.	M.Hillestad/O. Kvam	101
18.	Arnesen/E. Ellingsen	90


Medelscore 144 poeng. Ingen fekk spela med sin faste makker, gjestene fekk velja. Klubben takkar for gåvepremiar frå Sogn Samvirkelag, Vestlandske Salslag, Sogn Auto, Pryd- og Brukskunst, Flåtens Frisørsalong og Sogningen/Sogns Avis takkar for sesongen og ynskjer spelarane vel mott att til hausten.

Resultat for 40-års jubileumsturnering - med litt «spesiell» parsamansetjing.

Styret for klubben i jubileumsåret (40 år) var: **Erik A Flåten** formann, **Inge Kvam** kasserar og **Anders Lysne** sekretær.

Formenn dei neste åra: Magnar Flåten, Jon Hole, Kåre Skjeldestad, Magne Hillestad, Birger Hillestad, Jan Gamlemshaug, Rune Loftesnes, Olav Ekrene, Einar Raunehaug, Jan Røneid, Magnar Molland, Gullstein Rørstadbotten, Kjell Skjeldestad, Øystein Vikesland, Torbjørn Olstad.

Dei første åra vart korta stokka og gjevne manuelt; i større turneringar òg dublerte manuelt. Slippane vart utfylte for hand, skrivne inn på eit rekneskapsskjema for hand – og scoren vart utrekna manuelt. Det vart laga ei stor tavle av kryssfinér – eit «***barometer***» til 32 par - for å visa poengstillinga i barometerturneringar. Den gav god oversikt, men var upraktisk å flytta på. Det vart enklare når ein kunne ta i bruk prosjektor og visa resultatet på eit lerret. Utover på 70-talet tok ein i bruk eit «sjølvsnikra» datasystem som gav litt meir automatisert resultatservice.
Klubben fekk eigen logo på slutten av 60-talet, utarbeidd av **Kjell Nondal**.





Æresmedlemmer utnemnde på 50-års-jubileet, frå venstre: ***Kåre Skjeldestad, Olav Kvam («Skredderen»), Olav Navarsete («Grøten»).*** ***Johan Lem*** *og* ***Karl Lerum*** *var ikkje til stades.*

Styret for klubben i jubileumsåret (50 år) var **Birger Hillestad** formann, **Eirik M Loftesnes** kasserar og **Olav Drægni**.

På 70- og 80-talet har klubben halde til på Sogndal Hotell, Lægreid Hotell og Kafe Timber, Vesterland Feriepark før ein på 90-talet fekk vera i Kulturhuskantina.



Æresmedlemmer utnemnde ved 60-årsjubileet, frå venstre:
Magnar Flåten, Inge Kvam, Birger Hillestad, Erik A Flåten, Sigvald Nyheim, Magne Hillestad

Vinnarar av 60-års-jubileumsturneringa (40 par) vart **Lars Sætre** og **Erling Brekka**, begge medlemmer i klubben (studentar).

Styre for klubben ved 60-års-jubileet var **Kjell Skjeldestad**, formann, **Torbjørn Olstad**, kasserar, og **Birger Hillestad**.

Frå 1968 har klubben kvart år arrangert ei juleturnering med frå 20 til 54 par – i mange år sponsa av Lerum. Frå 1980 til 1998 var Lerum hovudprodusent av Pepsi i Noreg. Turneringa vart då kalla «Pepsi-cup».



Klubben har elles i mange år arrangert sommarbridge og fredagsbridge open for bridgespelarar i heile krinsen – og andre.



Magnar Flåten *(til venstre) og* ***Magne Hillestad*** *dominerte på resultatlistene i Sogn på 70-/ 80-talet, og langt ut på 90-talet med høvesvis 7 og 16 KM-titlar og mange sigrar i andre turneringar.*



Ved 70-års-jubileet var dette ein interessant parkombinasjon i jubileumsturneringa: Noregsmeister og nordisk meister (og tidlegare medlem) ***Sven Olai Høyland*** *og nestoren* ***Kåre Skjeldestad*** *(85) - som hadde produsert "spurtpremien" som står framfor dei.*

Vinnarar av 70-års-jubileumsturneringa (48 par) vart **Arild Høyvik** – **Henry Solheim**, Kyrkjebø/Gulen.

Styret for klubben ved 70-års-jubileet var **Eiler Ellingsen** formann, **Magnar Flåten** kasserar og **Birger Hillestad**.




Sogndal BK 80 år

NBF Sogn og Fjordane 60 år



80-årsjubileet i 2006 for klubben vart feira som eit fellesarrangement med Sogn og Fjordane Bridgekrins - som feira 60 år. Krinsen vart stifta i 1946. I 1949 vart han delt i to krinsar: **Sogn Krins** og **Fjordane Krins.** I 1999 vart dei to krinsane samanslegne att, til **Sogn og Fjordane Bridgekrins**.



Sjur Arne Bøe *(t.v.) var leiar i Sogn og Fjordane Bridgekrins og* ***Inge Moberg*** *var leiar i Sogndal Bridgeklubb.*

I samband med 80-års-jubileet vart det arrangert to turneringar:

- Ei uformell fredagsturnering med 13 par vart vunne av **Gunn Magni Angelskår** og **Torbjørn Pedersen** frå Leikanger.
- Hovudturneringa laurdag/søndag med 33 par vart vunne av **Sjur Arne Bøe** og **Paul Henning Loen**, Sogndal BK/Vikane BK.

Ved 80-årsjubileet vart følgjande utnemnde til æresmedlemmer i klubben (av ein komité av tidlegare æresmedlemmer):

- ***Kjell Inge Bäckstrøm***
- ***Kai Lille-Homb***
- ***Inge Moberg***
- ***Magnar Molland***
- ***Torbjørn Olstad***
- ***Gullstein Rørstadbotten***
- ***Kjell Skjeldestad***
- ***Anders Stedje***
- ***Øystein Vikesland***

Styret i klubben ved 80-års-jubileet var ***Inge Moberg****, leiar,* ***Torbjørn Olstad****, kasserar og* ***Øystein Vikesland,*** *skrivar.*






Kai	Magnar	Inge	Kjell Inge






Torbjørn	Gullstein	Anders	Kjell



Øystein Vikesland *var fødd i 1925, og var altså eitt år eldre enn Sogndal Bridgeklubb! Han var æresmedlem både i Lærdal Bridgelag og Sogndal Bridgeklubb (flytte til Sogndal i 1992), og vart 97 år gamal. Han vann 4 KM for lag og eitt KM for par - og hadde mange leiarverv i bridgeklubbane og krinsen. Øystein vart fylkesmeistar i singel 83 år gamal – og vann sommarbridgen i Sogn 93 år gamal!*

Yndlingshistorien frå bridgebordet er den gongen han opna med Halles 2 kløver, noko makker ikkje hadde lagt merke til, så han sa pass! Øystein greidde å skrapa saman 8 stikk, og fekk rein topp på spelet, då heile salen var i slem med beit!

Meldesystem

Det er uklart kva meldesystem som vart brukt dei første åra (Boston, som er nemnt, er ikkje noko meldesystem, men ein måte å organisera turneringa på – som etter kvart vart Howell – slik me kjenner det i dag.)
På 30-talet var det mykje utvikling av meldesystem. **Ely Culbertson** hadde si storheitstid, og **Charles Goren** og **Milton Work** kom med alternative metodar for kortvurderingar og meldingar. Truleg var det nokre som prøvde ut dette i klubben. Men i Austerrike utvikla **Paul Stern Viennasystemet** (kalla **Wienersystemet** av **Ranik Halle** i ei bok frå 1941). Under, og lenge etter verdskrigen var nok **Vienna** det dominerande systemet i Sogndal Bridgeklubb.

I 1969 lanserte **Agnar Reolen** eit system, kalla **SEM** (eigentleg ein kombinasjon av kjende system: **S**vak grand, **E**fos (blant anna fargen over som rundekrav), **M**armic (3-farge-hender)). I Sogndal bridgeklubb var det ein del unge spelarar som fatta interesse for dette systemet, og det vart halde fleire kurs utover på 70-talet. «Gamlekarane» heldt fram med **Vienna**, medan «ungdommane» brukte **SEM** – ofte til frustrasjon for «gamlekarane», som ikkje forstod så mykje av det!
Utover på 80- og 90-talet gjekk fleire og fleire over til såkalla «naturlege» system, og særleg **BIN-standard** vart dominerande. Men det kom stadig spelarar som spela ulike variantar av **Presisjons-kløver** innom klubben – også nokre som spela fast i periodar.

Rekruttering

På 50- og 60-talet var det nokså stabil medlemsmasse, 24 spelarar, men lite nyrekruttering til klubben. Det kom nokre tilflyttarar til bygda, særleg lærarar og andre akademikarar, men etter kvart vart skulane (gymnaset, yrkesskulen, handelsskulen og folkehøgskulen) ei god rekrutteringskjelde – og tilførde klubben både unge spelarar og nye idear. Etter at lærarutdanninga starta opp på 70-talet, var det mange framtidige lærarar som var innom Sogndal bridgeklubb i studietida.

På 70-talet vart det som nemnt halde ein del bridgekurs både i spesielle system og generelle grunnkurs utarbeidde av Norsk Bridgeforbund. For at nybyrjarane ikkje skulle få ein for «tøff» start som klubbspelar, vart det oppretta ei eiga avdeling i klubben («B-klubben»), slik at klubben ei tid hadde nærare 40 medlemmar i 2 avdelingar.
Som nemnt var klubben tidleg ute med å ta i bruk edb til resultatservice. Ein var òg tidleg ute med å skaffa seg kortdubleringsmaskin i samarbeid med krinsen. Ein periode vart det produsert kort til dei fleste turneringar i krinsen på den. **Bridgemate** tok ein i bruk tidleg, og **Bridge+More** frå 2019.



Ved 90-årsjubileet vart jubileumsturneringa (18 par) vunne av ***Martin Ivar Henden*** (t.h.) og ***Øyvind Barsnes*****,** Nordfjordeid BK/Sogndal BK.

Styre i klubben ved 90-års-jubileet var **Willy Myhre**, leiar, **Øyvind Barsnes**, kasserar, og **Ove Ellingsen**.

Dei siste åra har Sogndal Bridgeklubb halde til på restaurant Malin i Kulturhuset, og frå 2012 på Fosshaugane – enten på Campus eller på Sogndal Vidaregåande skule.

Sportsleg har klubben hevda seg godt lokalt, men nasjonalt har det ikkje vorte så mykje laurbær å henta. Likevel har fleire tidlegare medlemmer i klubben hevda seg godt nasjonalt – også internasjonalt.



Par frå Sogndal BK har 13 gonger vunne Krinsmeistarskapet for par – og dermed kvalifisert seg til NM-finale. Men i NM-finalane har plasseringane vore frå nr. 35 til nr. 72 av 72 par.

Klubben har også 13 gonger vunne Krinsmeistarskapet for lag. Når det gjeld Noregsmeistarskapet for lag har klubben aldri kome til finalen – men det har vore nære på eit par gonger: I 2018 vart det hårfint tap mot Flekkefjord BK i 6. runde. Verdsstjerna Boye Brogeland spelte på Flekkefjord BK – så det ville vore ein sensasjon om Sogndal BK hadde vunne – me leia til 4 spel stod att!

Frå venstre: ***Tor Henning Mardal***, ***Boye Brogeland*** og ***Gullstein Rørstadbotten***

I seriemeistarskapet har klubben sine lag stort sett halde seg i 3. og 4. divisjon, men det har vore nokre turar opp i 2. divisjon:



Biletet er frå 2016 – då klubben feira opprykk til 2. divisjon på klubbkvelden etter!

I lokale turneringar, som Lærdalsturneringa, Påsketurneringa i Hafslo, Gløggbridgen i Skjolden og vår eiga Juleturnering, har par frå Sogndal Bridgeklubb stadig vore i toppen. Par og enkeltspelarar frå klubben har òg innimellom hevda seg godt i nasjonale turneringar rundt i landet.



I 2018 vann ***Kai Lille-Homb*** og ***Svein Viland*** Kiel-cup med 44 par, deriblant fleire elitespelarar.

I Krinsmeistarskapet for singel har spelarar frå Sogndal fleire gonger gått heilt til topps. Mellom anna vann **Øystein Vikesland** i 2008 – 83 år gamal!







I 2016 vart det storeslem i KM singel,
ved ***Kai*** (nr.2), ***Mariusz*** (nr.1) og ***Arnt Ola*** (nr.3)



Frå 2012 har **Sjur Arne Bøe** og **Mariusz Amarek** dominert på resultatlistene i Sogn og Fjordane, med fleire KM-titlar og sigrar i lokale turneringar. Dei har òg hevda seg godt i fleire turneringar elles i landet. Men i NM-finalen i 2015 gjekk det tungt – med 51. plass (av 52).








Styre ved 100-års-jubileet er **Willy Myhre**, leiar, **Lasse Opseth** kasserar, og **Arnt Ola Fidjestøl**

Avisutklipp m m



OVANFOR ser vi to livsfriske 40 års jubilantar, øverst den 40 år gamle bilen til Bjarne Lerum, sertifisert og i tipp-topp form, og nedanfor ein like tipp-topp sorenskrivar Lars Danielsen, einaste attlevande av stiftarane av Sogndal Bridgeklubb, minst like livsfrisk som bilen, i ferd med å stiga ut av jubileums-kareten. Og på det andre biletet ser vi dei tre tilstadesverande av diplom-vinnarane på 40-årsjubileet, frå venstre mangeårig form. frisørmeister Arne Flåten, i midten klubbens eldste aktive spelar, 76-årige og høgst livsfriske Øystein Bang-Olsen, ogso kjend i kjøpmannskrinsar som «Mesna-Bang'en», og høgre sorenskrivar Lars A. Danielsen, som var med og stifta klubben for 40 år sidan.



Jubileum og heiderlagslemar i Sogndal Bridgeklubb.



Fredag før påske var det hei-dundrande 50-årsjubileum i Sogndal Bridgeklubb på Park Minitell. Omlag 60 kortspelarar av den gamle og nyare garde stillte, og festmenyen og kortleiken var hovudingrediensar i ei tvers gjenom suksessrik markering av jubileet.

Tre heiderlagslemar vart ut. nemnde utpå kvelden, og her er dei fotografert for S/SA av Per-Ingar Sviggum. Frå venstre: **Kåre Skjeldestad, Olav Kvam** og **Olav Navarsete.** Skjel-destad og Grøt'en fekk diplom og, — stor stas og blide fjes slik det skal vera når ein vert heidra, og det i ei mykje eksklusiv forsamling der det krevst årelang innsats for å verta fullverdig medlem.

Sogndal Bridgeklubb går inn i sitt 51. speleår som ein livsfrisk jubilant, festen fredag overtydde dei som måtte ha vore i tvil om det.

S/SA Tysdag 15. april 1986 9

Høyrer til dei eldste i landet:

«ANTI-MISJONEN» i Sogndal har runda 60

Sogndal Bridgeklubb, i si tid etablert som «anti-misjonen», markerte 60-årsjubileet med hyggeleg lag på Lægreid Hotell laurdag. Det er ein livsfrisk og livat 60-åring som jubilerte. Det bar stemninga i bordseta klart og tydeleg preg av. Kveldens høgdepunkt fekk festlyden servert då 6 av dei trufaste slitarane i klubben vart utnemnd til æresmedlemar.



Tolv av medlemane i Sogndal Bridgeklubb blir her erklært som æresmedlemar med diplom som bevis. Frå v: Magnar Flåten, Inge Kvam, Birger Hillestad, Erik Flåten, Sigvard Nyheim og Magne Hillestad. Bridgeklubbens Grand Old Man, Kåre Skjeldestad stod for overrekkinga.

S/SA: Gerhard Haugland

Det var ei lystig forsamling som var samla til bords då formannen i klubben, Kjell Skjeldestad ynskte velkomen. Han sa seg glad for at så mange hadde funne vegen til jubileumsfeiringa og opplyste at ein rask sjekk i bridgeforbundet hadde avslørt at ein pr. i dag ikkje hadde oversikt over andre bridgeklubbar i landet som har hatt 60-årsjubileum.

— Vi kan derfor slå fast at vi er ein av dei eldste klubbane i landet, sa Skjeldestad, og overlet styringa av bordseta til kveldens visevert, Kjell Henden.

Henden kunne innleiingsvis slå fast at den applausen som etterfølgte velkomstorda til formannen var velfortente nok.

— Skjeldestad har i dag vore turneringsleiar for ei turnering som har vore profesjonelt og prikktrim gjennomført, sa han, og slo fast at Sogndal Bridgeklubb ikkje er eit heilt vanleg lag, men ein institusjon med mange entusiastar. Sogndal Brigdeklubb har kunne gleda seg over innsats frå desse entusiastane, sa Henden, og nemnde Olav Navarsete og Kåre Skjeldestad, begge blant pionerane i laget og for lengst utnemnd til æresmedlemer.

Ei drivkraft og eldsjel i klubben i mange år, Kåre Skjeldestad, tok eit lite tilbakeblikk mot det som vart oppstartinga til Sogndal Bridgeklubb for 60 år sidan.

— Eigentleg var det vel kvinnene og misjonen som vart opphavet. I dei dagar gjekk damene i misjonen. Som eit «mottrekk» starta en Sogndal Brigdeklubb, eller «anti-misjonen». Dei første æresmedlemene i Sogndal Bridgeklubb vart utnemnd for 20 år sidan, på 40-årsjubileet den 16. april. Det var Lars Danielsen, Johan Lem og Arne Flåten.



Langt over hordet, men det vart både blomar og handtrykk då John Skjeldbred (t.h.) helsa frå Leãanger Bridgelag. Formannen i Sogndal Bridgeklubb, Kjell Skjeldestad tek i mot på andre sida av bordet.

NYE ÆRESMEDLEMER.

— Vi har i dag fått vår Mr. Sogndal i fotballen. Arne Flåten var Mr. Sogndal innanfor bridgen, sa Skjeldestad, som tekk ære av å føreta utnemninga av 6 nye æresmedlemer: Magnar Flåten, Inge Kvam, Birger Hillestad, Erik A. Flåt-

Framhald på side 10

„ANTI-MISJONEN" i Sogndal markerte 50-årsjubileet med stil og styrke

For 50 år sidan var det fire damer i Sogndal som hadde «misjon» ein fast kveld i veka. Ektemennene, med dåverande overrettssakførar Lars Danielsen i brodden, fann på å vilja kvelden med bridge, og so vart då «Anti-misjonen» til, og gjekk seinare over til det meir offisielle namnet SOGNDAL BRIDGEKLUBB. Og fredag 9. april vart klubben sitt 50-årsjubileum markert i Park Monitell med stil og styrke, festmiddag og bridge og dans og premieutdeling og oppnemning av æresmedlemar og mykje meir.

Toastmaster var Johan Storaas. Kåre Skjeldestad refererte frå lagssoga, som var skriven til 40-årsjubileet av sorenskrivar Danielsen og hadde fått plussa på ein del frå dei 10 åra som er gått etterpå. Konklusjonen var: Betre rekruttering, kvinnelege spelarar med i klubben, og at Sogn Bridgekrins kjem i gang att etter å ha lege nede siste 4—5 åra. Frå Sogndal Sparebank overrekte Reidar W. Andresen jubileumsgåve, ein fin bunke kortstokkar. Formannen i klubbstyret, Birger Hillestad, overrekte diplom for æresmedlemskap til Olav Navarsete og Kåre Skjeldestad. Håkon Strypet takka for maten og Eller Ellingsen føretok premieutdelinga etter klubbmeisterskapen i beste olympia-stil, med seierpallar og det heile. Og so spela Bjørn Sunde opp til dans, og den ivrigaste på dansegolvet var eldste attverande medlem i klubben, Olav Kvam, som svinga seg lysteleg til langt ut i dei små timar. Ingen tvil, «Anti-misjonen» er sterk og livskraftig ved starten på sitt 51. år.



Birger Kjos Wenjum (t.h.) helsa med blomar frå Hafslo og Solvorn Bridgeklubb.

Framhald frå side 9

en, Sigvald Nyheim og Magne Hillestad. Alle seks har vore med i klubben som aktive frå 1960/61.

På festen gjorde ein unna premieutdelinga for sesongane 1985/86.

Klubbmeistertittelen i 1985 gjekk til paret Wenjum/Johnsen, mens ringrevane Magne Hillestad/Magnar Flåten trekte det lengste strået i 1986.

Talen for damene vart i spirituelle ordelag framført av Jan Gamlemshaug, som ropa at han hadde fått konsulenthjelp av Erik A. Flåten. Einaste dame i klubben, ved sida av dei fire i stokken, Synneva Balevik, helsa frå Balestrand Bridgeklubb og takka for spaning og hygge rundt det grøne bordet. Ho hadde og med seg ein bukett roser som ho delte ut til medlemer av Sogndal Bridgeklubb, med nestoren Kåre Skjeldestad i brodden.

Frå krinsen vart det kome helsing i form av pokal, og Vik Bridgeklubb hadde sendt blomehelsing.

NÆRT OG KJÆRT.

Frå Leikanger Bridgeklubb var det helsing ved John Skjelhevd.

— Det har alltid vore eit nært og kjært forhold mellom Sogndal og Leikanger Bridgeklubb. Vi har hatt minst 2 årlege samkomer kring kortbordet, og vi har alltid likt å slå kvarandre, sa han og overrekte blomst til formannen.

Det same gjorde Birger Kjos-Wenjum som helsa frå Hafslo og Solvorn Bridgeklubb. Kjos-Wenjum nytta først høvet til å takka for prikkfri avvikling av jubileumsturneringa.

Kjos-Wenjum takka og for den fine støtten Hafslo og Solvorn Bridgeklubb fekk frå nettopp Sogndal då klubben vart skipa for 10 år sidan.

— Ferske som vi var fekk vi promte invitasjon frå Sogndal ved Magnar Flåten for å prøvespela. Det sette vi pris på, sa han.

Endeleg kunne så Erik A. Flåten runda av bordseta med å takka for maten. Flåten nytta og høvet til å minna om ein som var gløymt ved 40-årsjubileet og som heller ikkje var nemnt i dag.

— Elska og hundsa, sa Flåten medan forsamlinga grov i hukommelsen for å prøve finna ut kva person det kunne vera.

Spanninga vart utløyst då Flåten utbringa ein skål — for kortstokken.

Dermed var den formelle sida av jubileet vel i hamn, og sidan gjekk det for seg i verdige former til 60-årsjubilanten var tilbørleg krympa. ■

Kåre Skjeldestad, æresmedlem og ein av nestorane i laget, fekk æra av å nemna ut dei nye æresmedlemene. ■



Sogn og Fjordane — Onsdag 16. april 13

Thriller på bridgeturnering i Sogndal

Jubileumsturneringa til Sogndal bridgeklubb vart ei thrillerturnering. Først då den 20. speleomgangen var over, kunne vinnarane utpeikast. Det var klubben sine eigne: Sætre - L. H. Brekka som til slutt fekk det beste stikket og toppa premielista.

Det var tett i toppen. Berre 13 poeng skilde mellom dei tre første plassane. Og det skifte stadig i toppen på dei siste spelerundane. Då runde 18 av 20 var slutt, leia O. Fimreite - A. Austbø, Vik, med 816 poeng. L. Sætre - L. H. Brekka låg då som nr. 6 med 770 poeng. Paret Fimreite - Austbø vart nr. 2 i turneringa til slutt.

—Jammen er det tett i toppen. Her kan mykje hende na funksjonærane då innspurten nærma seg. Knivinga i toppen gjorde at ingen våga å spå utfallet.

Men dei var alle samde om at rutinen kjem til sin rett dei siste rundane.

Ein av spelarane som utmerka seg var unge Frode Bergheim frå Aurland bridgeklubb. Han er konfirmant i vår, og har spela bridge i halvtanna år.

—Me brukte opp rutinen i første halvdelen av spelet, seier Frode Bergheim til «S. og Fj.», men han ser ikkje ut til å vera skuffa over resultatet. Til slutt kom dei på ein 15. plass, men Frode og far hans, Leiv-Jarle Bergheim låg lenge som nr. 8 i turneringa.

Sogndal bridgeklubb er ein av dei eldste bridgeklubbane i landet med sine 60 år. Bridgeklubben markerte jubileet med ei jubileumsturnering som samla 40 par og er ei av dei største bridgeturneringane ein har hatt i krinsen.

På turneringa deltok nybyrjarar til gamle ringrevar i bridgespeling. Frå kl. 11.00-18.00 sat dei alle hardt konsentrerte om korta sine. Då kuttar dei ut alt anna enn kva makker og motpart legg opp av kort på bordet.

Resultatservicen kunne ingen av spelarane klaga over. Ved hjelp av datamaskin var spelarane til ei kvar tid orienterte om korleis dei låg an berre nokre få minuttar etter at runden var ferdigspela.



T. Lømheim er framme med peikefinger for å forklare korleis dei skulle spela for å verkeleg ha ein god omgang?



O. Fimreite og A. Austbø (med ryggen til) er av dei beste bridgespelarane i krinsen, og denne gongen vart det 2. plass for vikjene.



Frode Bergheim frå Aurland var den yngste spelaren i turneringa. Makkeren var Leiv-Jarle Bergheim. Dei to andre spelarane er Birger Meland og Nils Moe, Leikanger.

RESULTATLISTE:

Nr.	par	namn	klubb	poeng	
1	13	L. Sætre - L. H. Brekka, Sogndal		910	+150
2	24	O. Fimreite - A. Austbø, Vik		904	+144
3	4	A. Nesset - J. Sjøthun, Høyanger/Balestrand		897	+137
4	34	F. Rødal - O. Kroff, Høyanger		879	+119
5	21	M. Flåten - Magne Hillestad, Sogndal		878	+118
6	18	S. Nyheim - E. Eivangen, Sogndal		872	+112
7	8	G. Fjellheim - G. Sætre, Vik		860	+100
8	27	O. Hillestad - I. Bøhn, Hafslo/Solvorn		847	+ 87
9	7	S. Nesset - T. Straadrønd, Høyanger		845	+ 85
10	1	Margunn Hillestad - H. Linde, Hafslo/Solvorn		820	+ 60
11	11	H. Bremer - T. Lømheim, Hafslo/Solvorn		817	+ 57
12	40	E. Hillestad - I. Kvam, Sogndal		812	+ 52
13	15	M. Nilsen - I. Talle, Leikanger		796	+ 36
14	16	J. Reneid - A. Haukereid, Sogndal		795	+ 35
15	36	L. J. Bergheim - F. Bergheim, Aurland		793	+ 33
16	9	O. Brandshaug - G. Rustadbotten, Sogndal		786	+ 26
17	33	T. Bremer - J. Halset, Hafslo/Solvorn		781	+ 21
18	31	F. Sakse - A. Brygrand, Sogndal		767	+ 7
19	23	E. A. Flåten - J. Gamlemshaug, Sogndal		765	+ 5
20	6	A. Fortun - Ø. Vikeland, Lærdal		759	— 1
21	12	R. Balvoll - W. Berge, Vik		750	— 10
22	19	A. Kjos-Wenjum - H. Kjos-Wenjum, Hafslo/Solvorn		750	— 10
23	17	E. Rauschsnap - K. Å. Pedersen, Sogndal		746	— 14
24	30	F. Sandby - I. Næss, Leikanger		744	— 16
25	29	S. Hrugen - O. Haugen, Hafslo/Solvorn		740	— 20
26	32	H. Ayrdal - J. Skjelbred, Leikanger		717	— 43
27	10	G. M. Dalen - M. Linde, Hafslo/Solvorn		715	— 45
28	5	G. Arnestad - J. Hole, Sogndal/Elverum		707	— 53
29	35	B. Meland - N. Moe, Leikanger		705	— 55
30	37	I. Fardal - J. Beyum, Sogndal		697	— 63
31	20	O. J. Nilsen - A. Grønningen - Vik		683	— 77
32	28	N. Høyvik - I. Balvoll, Høyanger		680	— 80
33	2	P. Aaberge - Aa. Espe, Leikanger		675	— 85
34	38	Fi. Lodlesnes - Eg. Lodlesnes, Sogndal/Innvik		675	— 85
35	14	S. Balevik - H. Klæsen, Sogndal		673	— 87
36	26	S. Harland - K. Rønken Sogndal		664	— 96
37	25	O. N. Beyum - J. Opsahl, Hafslo/Solvorn		632	—128
38	3	N. F. Fardal - S. Moe, Hafslo/Solvorn		626	—134
39	22	I. Moberg - A. Løvset, Sogndal		591	—169
40	39	O. Fortun - M. Fortun, Lærdal/Ardal		585	—175

Medelin 760 poeng.

Storspelarar til bridgeturnering i Aurland

Til helga vert det ei stor bridgeturnering i Aurland der 35 par skal delta. Turneringa skal gå over to dagar — laurdag og sundag.

—Me satsar på å få kvalitetsspelarar til turneringa vår, seier Leiv-Jarle Bergheim til «S. og Fj.».

Mellom storspelarane som kjem er Brech - Bull, Bergen, og Vincent - Pedersen frå Gol. Dette er spelarar som ligg høgt oppe i NM-turneringa.

Det er attraktive premiar til dei beste premierte spelarane. Bridgeklubben i Aurland kan såleis lokka med ein førstepremie på 2.500 kroner.

8 Tysdag 15. april 1986 S/SA

Jubileumsturneringa til Sogndal Bridgeklubb:

Sterk innspurt gav siger til Sogndalsparet Sætre/Brekka

Sogndal stod i bridgen sitt teikn laurdag då 40 par varma opp til jubileumsfesten i Sogndal Bridgeklubb med jubilanten si jubileumsturnering. 2 timar før spelarane la dei siste korta på bordet, heldt dei fleste ein knapp på para Fimreite/Austbø og Flåten/Hillestad frå høvesvis Vik og Sogndal. Men paret Sætre/Brekka frå Sogndal spelte dei siste korta sine ut til rett tid på rett stad og vann hårfint foran Fimreite/Austbø.



Lærarstudentane Lars Sætre (t.v.) og Erling Brekka kom sterkt på slutten og sikra seg sigeren i turneringa.



Leif Jarle Bergheim (t.h.) stilte opp saman med sonen — turneringa sin desidert yngste spelar med sine 12-13 år — og låg lenge i teten. Her i spel mot paret Helset/Bremer frå Hafslo/Solvorn.

O. Fimreite (t.v.) og A. Austbø var heile tida med i teten og vart nr. 2 hår fint slegne av Sætre/Brekka.



S/SA: Gerhard Haugland

Sætre/Brekka meldte seg først inn i tetstriden i dei tre siste av dei 40 spela. Slutfasit viste at dei vann, 6 poeng føre Fimreite/Austbø.

Paret Nesset/Sjøthun frå Høyanger/Balestrand var lenge med i teten og endte som nr. 3

Magnar Flåten (t.v.) og Magne Hillestad (vis a vis) endte sist nr. 5 etter at dei lenge var med i teten.

Flåten/Hillestad vart nr. 5.

Biletet skifta elles utover dagen. Etter kring halvgått løp var det para Bremer/Lomheim og Leif Jarle Bergheim og sonen, turneringa sin desidert yngste spelar med sine 12—13 år, som låg i teten.

Turneringa vart prikkfritt avvikla med resultatservice på data etter kvar runde, registrert av turneringsleiar Kjell Skjeldestad og staben hans.

Vi skal her ta med dei 10 para som vart premiert, fullstendig resultatliste i neste nummer:

1.	L. Sætre—H. Brekka, S.	910
2.	Om Fimreite—Austbø, V	904
3.	A. Nesset—J. Sjøthun, H/B	897
4.	F. Rødal—O. Knoff, H.	879
5.	M. Flåten—Hillestad, S	878
6.	Nyheim—Elvagxng. S.	878
7.	Fjellheim—Seim, V	860
8.	Nesset—Birkeland, H.	845
9.	Hillestad—Solvi, H/S	833
10.	M. Hillestad—M. Linde, H/S	820

Medelscore 760 pg. ■



Dør-til-dør-aksjon for å berga fotball-

222.000 kroner til HVPU-

Sogn Avis MÅNDAG 9. SEPTEMBER 1996 19

Bridge:

Antimisjonen runda 70 år

KAUPANGER: I 1926 var det nokon sogndalsdamer som samla seg til misjonskveld kvar mandag. Det gjekk ikkje lange stunda før mannfolka fann mottrekket - antimisjonen. Tysdagane vart fast bridgekveld og slik har det vore i 70 år.

SA: Eli Grotle

Denne helga har dei feira seg sjølv,

med både uhøgtideleg og høgtideleg jubileumsturneringar. Laurdag var medlemmar, tidlegare medlemmar og spesielt inviterte samla på Vesterland til kamp rundt borda. Søndag var Skogly arena for den tyngste kvalitiative turneringa som har vore i Sogn.

Freda kveld

– Tysdagskvelden er freda, seier Magnar Flåten uten å blunke. Han har ikkje noko god forklaring på kva som får så mange mannfolk til å sitje heilt i ro i fem timar kvar tysdag.

– Det er det mange damer som spør om, smiler Magnar. Han prøver seg med ei forklaring om sosialt tenkearbeid på høgt nivå.

– Du veit at både bridge og sjakk vert kalla «tenkerens arena», seier Magnar og vedgår at det gjerne vert meir tenkearbeid enn berre tysdagskveldane. I helgane er det ofte turneringar, naboklubbane får gjerne eit besøk på sine spelekveldar, og føler han seg litt for einsam ein kveld så er det fort gjort å kalle inn tre kompisar for å slå ihel tre fire timar med kortstokken. For sjølv om damene er i ferd med å gjere sitt inntog, så er bridgen framleis ein gutteklubb.



STILLE STUND: Slike stunder har det vore mange av gjennom dei 70 åra til Sogndal Bridgeklubb.

Utvikling

Basisen med bord, fire stolar og ein kortstokk har ikkje endra seg på desse 70 åra som Sogndal Bridgeklubb har eksistert. Men det betyr ikkje at utviklinga av spelet har stagnert. Tvert i mot, i følge dei som har greie på det.

– Utviklinga av meldeteknikkar er enorm, seier Magnar Flåten. – Diskusjonane på spelekveldane kan vere stundom vere temmeleg oppheta, smiler han. At det til tider kan bli litt prestisjeprega, legg han ikkje skjul på.

Dei tek ikkje sommarferie heller desse karane her. Eit interkommunalt samarbeid har fostra fram sommarbridgen på Vesterland. Ingen bridgeelskarar har slått plenen tysdagskveldane i sommar. Førti av dei har hatt fast base på Vesterland denne kvelden.

Flytta rundt

Vesterland er dei siste åra blitt fast spelearena, men då mannfolka i Sogndal skipa bridgeklubben for 70 år sidan var dei ein kveld hjå kvar medlem. Etterkvart fekk dei seg faste spelelokaler og har gjennom desse åra vore innom både Lægreid, Berget kafé, Sogndal Hotell, Sognatun og no altså Vesterland.

Dei store utskiftingane er det ikkje i medlemsmassen. Ein gong bridgespelar - alltid bridgespelar. Men kvart femte år arrangerar dei kurs for nybyrjarar og i år er det tida for eit slikt kurs.

– Vi kan ikkje ha berre stamfisk. Vi må produsere yngel og, seier ein jubilerande Magnar Flåten før han konsenterer seg om korta att.

❑

70 år

Bridge, Sogndal 08.09.96:

70 års jubileumsturnering

1.	Arild Høyvik – Henry Solheim, Kyrkjebø/Gulen	361	
2.	Anders Balevik – Kåre Knutsen, Balestrand/Sogndal	310	
3.	Tor Bølum – Atle Sæterdal, NHH-K7	261	
4.	Stig Gamlemshaug – Øyvind Saur, BAK	232	
5.	Sven O. Høyland – Svein Høyland, BAK/Gulen	205	
6.	Espen Erichsen – Erik Sælensminde, BAK	170	
7.	Haldor Sunde – Arve Henden, Stryn /Hennebygda	157	
8.	Martin I. Henden – Øyvind Barsnes, Sogndal	146	
9.	Jens Sjøtun – Jarle Molde, Balestrand/Høyanger	89	
10.	Per Kristian Gjerdem – Øystein Angedal, Førde	86	
11.	Torbjørn Olstad – Magne Hillestad, Sogndal	78	
12.	Ivar Lunde – Dagfinn Lauritzen, Dale/Førde	77	
13.	Olav Fimreite – Gunnstein Fjellheim, Vik	77	
14.	Skjalg Skrede – Ragnar Åland, Skei/Høyanger	70	
15.	Olav Vågan – Kjell Baggetun, Høyanger	66	
16.	Magnar Ljøsne – Kjell Skjeldestad, Lærdal/Sogndal	63	
17.	Irma Høyland – Anne Karin Mowatt, Gulen	54	
18.	Arild Hoff – Geir Angedal, Førde	46	
19.	Arnt O. Fidjestøl – Tor Hildre, Leikanger	43	
20.	Geir Hogg – Geir Hjelmeland, Førde	39	
21.	Julius Moe – Olav Brede, Førde	37	
22.	Stig O. Kleiven – Trond Austreim, Høyanger	32	
23.	Jon Galde – Trygve Molland, Gaupne	27	
24.	Magnar Flåten – Jim I. Høyland, Sogndal/BAK	25	
25.	Trygve Leirpoll – Inge Larsen, Dale	22	
26.	Arve B. Rønneid – Hans H. Kalhagen, Gaupne	19	
27.	Anders E. Henden – Odd Egil Nygård, Hennebygda/Måløy	18	
28.	Jo Kjetil Hamrum – Øystein Vikesland, Hafslo/Sogndal	15	
29.	Thomas Charlsen – Geir Brekka, BAK	10	
30.	Oddvar Ølmheim – Odd Knoff, Høyanger	1	
31.	Asbjørn Feten – Steinar Grøneng, Balestrand	÷7	
32.	Geir Engebretsen – Jostein Oberstad, Olden/Nordfjordeid	÷39	
33.	Arvid Hauge – Petra Torvund, Øvre Årdal	÷56	
34.	Oddmund Midtbø – Erik Flaten, Leikanger	÷62	
35.	Willy Myhre – Odd S. Haugen, Sogndal/Hafslo	÷98	
36.	Inge Moberg – Rune Olstad, Sogndal	÷106	
37.	Lisbeth Yri – Odd Råd, Olden/Breim	÷125	
38.	Henny Hagen – Reidun Eilertsen, Ø. Årdal	÷133	
39.	Ragnvald Nordstrand – Jarle Ness, Førde	÷139	
40.	Petter Sortevik – Leif A. Lothe, Svelgen	÷173	
41.	Arve Rønneid – Gry T. Rønneid, Gaupne	÷188	
41.	Torgeir Nondal – Eivind Bevre, Ø. Årdal	÷188	
43.	Kjell I. Bäckstrøm – Oddvar Sterri, Sogndal	÷202	
44.	Synnøve Balevik – Jorunn Tennefoss, Balestrand	÷207	
45.	Jonild Storøy – Anne Merete Tefre, Førde	÷218	
46.	Ivar Ness – Finn Sundby, Leikanger	÷250	
47.	Kai Lille-Homb – Einar Raunehaug, Sogndal	÷278	
48.	Arve Frivik – Erik Ljotebø, Høyanger	÷357	

❑

Kåre (85) fekk vere vikar i 1933

KAUPANGER: Han tykkte det var stor stas då han fekk vere med å spele med gamlekarane i 1933. Men det var berre som vikar.

SA: Eli Grotle



RADARPAR: Sven Olai Holand tek gjerne i mot lærdom frå makker og vinleggjar Kåre Skjeldestad.

Etter den tid har det blitt utallige kveldar med bridge for Kåre Skjeldestad (85).– Tok ei bridgekurs i Garden, då ante eg ikkje kva det var for noko, fortel han. No har han lagt opp, men på jubileumsturneringa søndag var han invitert med. Då fekk han ha ein norgesmeister og nordisk meister som makker. Sven Olai Holand er tidlegare medlem av Sogndal Brigdeklubb, og kven som følte seg mest æra av dei to karane skal vere usagt.

Jubileumsvin

– Tenkjer han blir overraska han Kjell no, når han høyrer at eg har hatt deg som makker, smiler Kåre. 85-åringen er ikkje heilt nøgd med poenga så langt, men satsar på at dei skal komme sterkare på slutten. Han sjølv er ikkje så oppteken av å få hand om spurtpremiane, for dei er det meir av i kjellaren heime. Men Sven Olai kunne gjerne tenkje seg eit eksemplar av den eksklusive jubileumsvinen, som nettopp Kåre Skjeldestad er opphavet til.

Tidemanns Gul.

Sogndal Bridgeklubb er nok einaste i landet med eigen jubileumsvin. – Det er plommevin. Kanskje litt fersk enno, seier Kåre og tek fram rullingsen. Ein følgesvenn som han har vore like trufast mot som bridgen.

– Det er røykinga som har gjort at eg ikkje kan vere med på tysdagskveldane meir, seier han og forklarer. Forbruket av Tidemanns Gul er så høgt frå før at han ikkje tåler dei 20 ekstra som kjem i tillegg når han spelar bridge.

Men han saknar tysdagskveldane og bridgen. Både spelet, det sosiale og det ekstra sparket ut av godstolen. Difor kosar han seg ekstra denne laurdagen på Vesterland, og set stor pris på at det ikkje er innført røykeforbod.

– Slike reglar er ikkje noko for meg, smiler 85-åringen og ladar opp til neste spelerunde. Han vil syne sin meir enn 50 år yngre makker at gammal hest finn vegen best! ❑

Sogndal bridgeklubb:

Jubileum-laurdag

1. Magnar Flåten – Inge Larsen	71
2. Julius Moe – Jim I. Høyland	68
3. H. Hagen – Nils Fardal	61
4. Arve Rønneid – Henden	53
5. Synnøve Balevik – Magnar Ljøsne	42
6. Oddvar Sterri – Einar Vidvei	37
7. Erik A. Flåten – Leif A. Lothe	34
8. Anders Balevik – K. Hauglund	18
9. Øystein Vikesland – Kåre Knutsen	12
10. Inge Kvam – Arvid Hauge	7
11. G. Rørstadbotten – G. Lønberg	0
12. K. Skjeldestad – Sven O. Høyland	÷2
13. Ingar Fardal – Olav Fimreite	÷5
14. Rune Olstad – Einar Raunehaug	÷9
15. Torbj. Olstad – Petter Sortevik	÷11
16. Willy Myhre – Steinar Hole	÷18
17. K. I. Bäckstrøm – Anders Stedje	÷44
18. Jo Kj. Hamrum – Ove Ellingsen	÷52
19. Arild Hopen – Hans Kalhagen	÷54
20. Birger Hillestad – Geir Ellingsen	÷59
21. Inge Moberg – Svein Villand	÷68
22. Ø. Barsnes – O. Bøe	÷81

❑



Song til 70-års-jubileet

Mel: ***Per Spelemann***

Til Sogndal Bridgeklubb
sin 70-års-fest.
Me ynskjer velkomen
kvar einaste gjest.
Me ynskjer velkomen
kvar kvinne og mann,
som vert med å ropa
det beste dei kan:
At her skal syngjast, spelast og dansast
til langt på natt!

Mel: ***For Norge kjempers..***

Me tek ein skål for klubben vår,
den beste du kan finna... SKÅL!
Ein skål for Blackwood, Culbertson,
for Goren og Vienna.... SKÅL!
Og kløver, ruta hjarta, spa
i dag ein gasta skål må ha... SKÅL!
Og har du spelt ein storeslem
me tek ein skål for den!! SKÅL!

Mel: ***Bamsefar***

Me vil no gje eit råd for alt,
og kaffi det er ordet.
Om du vil sova godt i natt,
så gjer reint kaffibordet!
Treng du vaka - ta ein slurk,
sømnen då er vekke - burt.
Treng du tanken klår og fin
då er kaffi medisin!

Mel: ***Se Norges blomsterdal***

I fylgje gamal skikk
me kastar no eit avskjedsblikk
på alle tome fat
og seier: Takk for mat!
Me ynskja vil einkvar
at maten alle smaka har -
so alle no er stemt
til glede, fest og skjemt!

Juleturneringar

Tradisjonell romjulsbridge i Sogndal:

«Maratonløp» med kortspel

-Tenk deg å sitje i ti timar i strekk i full konsentrasjon over ein bunke bridgekort i konkurranse om å nå lengst opp på resultatlista. Det er lagt inn ein pause på tre kvarter – elles går dagen til rundt 60 spel med ulike motstandarar.

Det er nok mange som likar denne tanken, for i Sogndal onsdag stilte 102 deltakarar opp på den tradisjonelle bridgeturneringa til Sogndal Bridgeklubb.

SD: ODDRUN MIDTBØ



Presidenten i Norsk Bridgeforbund, Jakob Madsen, stilte opp som internasjonal turneringsleiar på romjulsbridgen i Sogndal. Her sit han framfor dei to favorittane, brødrene Jim og Sam Inge Høyland frå Eivindvik, som også vann suverent i turneringa.

Høylandsbrødrene er her i «kamp» mot Finn Sundby og Ivar Ness frå Leikanger.

Ikkje overraskande var det favorittane frå Eivindvik, brødrene Jim og Sam Inge Høyland som gjekk sigrande ut av turneringa. Dei to som no spelar for ein klubb i Bergen, har eit arvelege lasta namn innan bridgemiljøet. Omtrent heile familien er ivrige bridgespelarar og dei to brødrene har plassert seg i toppsjiktet både i innan- og utanlands turneringar.

Litt spenning vart det likevel då det ei stund såg ut til å bli knapt mellom Høylandsbrødrene og Henden-paret frå Hennebygda - som til slutt måtte nøye seg med andreplassen. Høylandsbrødrene kunne dermed ta Pepsi-vandrepokalen til odel og eige.

IMPONERT PRESIDENT

Interessa for bridge går i bølgjedalar og er akkurat no inne i ein god periode. Den lokale bridgeklubben har også gjort eit lite sprang oppover i utviklingsstigen med at dei i år for første gong har fått tak i ein internasjonal turneringsleiar, mot tidlegare bruk av lokale folk.

Det er ingen ringare enn sjølvaste presidenten i forbundet vi treff mellom dei mange borda på kantina til distriktshøgskulen. Jakob Madsen frå Bergen er svært imponert over arrangementet han er vitne til i Sogndal. -Når ein tenkjer på kor lang tid det tek for mange å kome hit i tillegg til det dårlege veret, er rundt 100 deltakarar svært bra, meiner Madsen og innrømmer at han vil ikkje sjå mykje til Sogndal. Han kom med fly om morgonen, like etter turneringa var starta og måtte reise att like etter siste spel var sett i gang.

-VI TRENG EIN SIMEN

-Norsk Bridgeforbund har rundt 16.000 medlemar og eg har kjensle av at interessa er stigande i Sognekommunane. Ei tid låg aktiviteten heilt nede, men slike turneringar som dette i tillegg til rekruttering og opplæring får straks fleire til å bli interesserte. Men vi hadde trengt ein slik type som sjakken har i Simen Agdestein. Ein som hadde fått meir mediafokusering utover det å trykke resultatlista, seier Madsen.

-Men kva er det vi går glipp av vi som ikkje er ivrige bridgespelarar?

-Den som først har fått interessa for bridge og har lært spelet, vil aldri miste lysten på å spele, hevdar Madsen. -Attmed kortbordet treff ein folk frå alle samfunnslag. Ved bordet er alle like. Det er eit særs sosialt og givande spel. Skjerpar konsentrasjonevna og lærer ein å spele på lag med andre. Alt av verdi for ein sjølv som menneske, seier han og innrømmer at slike turneringar også kan vere slitsamt.

HARD DISKUSJON OM KVINNER

Når ein ser utover deltakarborda, så slår det ein at det ikkje er mange kvinner med. -«Ved bordet er alle like», Madsen? Kvar er kvinnene?

-Vi er klare over at det er sterk dominans av menn. Det tradisjonelle kjønnsrollemønstret har nok litt av skulda i tillegg til at vi kanskje ikkje har vore flinke nok til å marknadsføre at dette også er ein «sport» for kvinner. Totalt er det 800 kvinner som er medlemar i forbundet og vi håper at dette vil auke etter kvart. Det har vore harde diskusjonar om eigne kvinneklassar, men mange meiner det er meir diskriminering. I januar skal det arrangerast seriemeisterskap for kvinner. Problemet er då at ofte speler kvinner på lag med menn og ikkje i reine kvinnelag, seier Madsen og er spent på framtida på dette feltet.

Madsen var vitne til eit velsmurt arrangørkorps der resultatet låg føre berre nokre minuttar etter kvart spel. Dataprogram utarbeidd av bridge-entusiasten Kjell Skjeldestad var teke i bruk og sparte inn mykje tid og krefter.

Favorittsiger i PEPSI-cup

—Nivået korkje kan eller vil eg uttala meg om. Til det krev jobben som turneringsleiar altfor mykje tid. Men det som imponerer meg er det høge deltakartalet på ein såpass liten stad, sa presidenten i Norsk Bridgeforbund, Jacob Madsen, til «S. og Fj.» då det stod att fire rundar av bridgeturneringa PEPSI-cup. Ei turnering som vart vunnen av brørne Sam og Jim Høyland som representerer Bergen AK. Av dei lokale utøvarane var det paret Magnar Flåten/ Magne Hillestad som gjorde det best med ein tredjeplass.



Brødrene Sam(t.v.) og Jim Høyland stakk i år som i fjor av med førsteplassen i PEPSI-cup - ikkje heilt uventa.

TOR YTTRI

Heile 31 rundar på omlag 10 timar tredje juledag måtte dei 32 para i A-puljen gjennom før vinnarparet kunne kårast og status for dei andre gjerast opp. Sogndal Bridgeklubb stod som arrangør og arena var Flåtengården. Ikkje uventa og langtfrå nokon sensasjon var det at brørne Sam og Jim Høyland gjekk heilt til topps og fekk vandrepokalen til odel og eige etter fjorårssigeren og den gode plasseringa året før.

—Jau, det var nok favorittar, stadfestar brigdepresidenten Jacob Madsen. Sam og Jim Høyland er tidlegare både norske- og nordiske meistrar i juniorklassen.

Grei avvikling

—Eg har inntrykk av at Sogndal Bridgeklubb jobbar svært godt med rekrutteringa. Sjølve arrangementet har gått greit unna og arrangørstaben har gjort ein svært god jobb, seier Jacob Madsen som sjølv stilte som turneringsleiar for PEPSI-cup i år. Madsen er president for eit forbund som i dag tel vel 16 000 medlemer. Han kan opplysa at omlag 450 000 (!) nordmenn spelar bridge. —Saman med dei andre nordiske landa hevdar me oss godt internasjonalt.

—Men er bridge ein hobby eller ein sport?

—Akkurat dette er det svært delte meiningar om. Eg personleg meiner det er ein sport, og me skal då også søka medlemskap i Norges Idrettsforbund. Det vert hevda at me manglar det fysiske momentet, men trass alt trengst det ein viss kondisjon for å koma gjennom 62 spel på ein dag, —seier Jacob Madsen.



Leikanger-paret Ivar Ness (heilt til v.) og Finn Sundby (nr. to frå h.) vart nest-best av dei lokale utøvarane med fjerdeplassen etter sogndølene Magne Hillestad og Magnar Flåten.



Kåre Skjeldestad (frå v.), brigdepresident og turneringsleiar Jacob Madsen, Karl Lerum og Arvid Haukereid (sitjande) gjorde ein svært god jobb og losa stor-turneringa PEPSI-cup vel i hamn.

Pulje A

1. J. Høyland - S. Høyland Bergen Ak.	1198
2. M. Henden - A. Henden, Hennebygda	1161
3. M. Flåten - M. Hillestad, Sogndal	1078
4. F. Sundby - I. Ness, Leikanger	1054
5. T. Bremer - H. H. Kalhagen, Hafslo	1044
6. S. Hauge - K. Kvamsdal, Årdal	1038
7. L. Kvamsdal - A. Hauge, Bergen/Årdal	1018
8. A. Nesset - J. Molde, Høyanger	995
9. B. Hilletad - E. Flåten, Sogndal	993
10. K. Knutsen - K. Skjeldestad, Sogndal	978
11. J. Sjøthun - S. Grøneng, Balestrand	974
12. R. Balvoll - G. scim, Vik	954
13. G. Nilsen - R. Kirkhorn, Leikanger	949
14. K. Å. Pedersen - T. Olsted, Sogndal	945
15. O. Beheim - H. Linde, Hafslo	943
16. O. Brandshaug - G. Rørstadbotten, Askim/Sogndal	940
17. K. B. Fjellheim - T. Blomseth, Vik	907
18. S. Balevik - A. Balevik, Balestrand	906
19. A. Høyvik - H. Solheim, Høyanger	904
20. R. Johnsen - H. Wenjum, Bergen Ak.	888
21. M. Skaar - A. Aasen, Leikanger	888
22. M. Eri - Ø. Vikesland, Lærdal	875
23. O. Knoff - H. Kleiven, Høyanger	871
24. B. Lundeland - F. Bergheim, Aurland	864
25. M. Eggereide - S. Beck Flåm. Bergen/Oslo Ak.	842
26. S. Urnes - G. H. Raae, Leikanger	841
27. K. Heltne - O. Kreken, Skjolden	820
28. A. Grønningen - B. K. Seim, Vik	807
29. L. J. Bergheim - T. Øvrebø, Aurland	801
30. I Buskaker - N. S. Fardal, Hafslo	797
31. G. O. Henden - A. E. Henden, Hennebygda	778
32. I. Talle - J. Wathne, Leikanger	730
Medelscore	930

Pulje B:

1. J. Gjerde — K. Ormberg, Skjolden	544
2. A. Turlid — A. Borlaug, Aurland	522
3. F. Horvei — R. Horvei, Aurland	520
4. P. Aaberge — Aa. Espe, Leikanger	500
5. N. Fardal — K. I. Backstrøm, Sogndal	499
6. O. Lagmannsås — K. Elthun, Lærdal	499
7. T. Hegland — P. Berglie, Sogndal	491
8. A. Henjesand — B. Hagen, Leikanger	485
9. J. S. Holé — A. Fortun, Lærdal	472
10. J. Grøttebø — P. Grøttebø, Lærdal	459
11. I. Balvoll — N. Høyvik, Høyanger	459
12. I. Moberg — R. Olstad, Sogndal	454
13. K. Lysne — A. Loven, Sogndal	434
14. K. Almås — W. Myhre, Sogndal	432
15. R. Aven — J. Sæbø, Høyanger	431
16. S. Nyheim — E. Elvagjeng, Sogndal	426
17. F. Sekse — S. Brugrand, Sogndal	419
18. A. Andersen — O. Stærri, Sogndal	412
19. J. Aarvoll — Ø. Barsnes, Sogndal	324
Medels	456